



Arvid Villanger
Rossnesvegen 414
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2964 - 21/63457

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
23.09.2021

Klage på vedtak administrativt vedtak: sak nr: 662/21-gbnr. 418/ 6 og 9, Villanger.

Behandling av klage på avslag på søknad om godkjenning av vald/ endring av vald – gbnr. 418/ 6 og 9, Villanger.

Statsforvalteren har vurdert at klagen frå Arvid Villanger ikkje kan behandlast da søknad vart avslått grunna manglande dokumentasjon på utmelding av eksisterande hjortevald.

Saka gjeld:

Arvid Villanger har 11.06.2021 sendt inn klage på Alver kommunes avslag på søknad om godkjenning av vald på gbnr. 418/6 og 9, Villanger. Arvid Villanger opplyser at han aldri har vore medlem av noko vald, har aldri skrive under på å vere representert i Radøy Nord Hjortevald og aldri blitt førespurd om å melde seg inn i noko vald. Dersom det eksisterer eit vald der han er medlem i er dette ulovleg då det er utan underskrift frå han. Det klagast derfor på Alver kommune si avgjerd og han vil oppretthalde sin søknad om eige hjortevald på sin eigedom.

Kommunens vurdering:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 11 gav Alver kommune datert 07.06.2021 avslag på søknad om godkjenning av vald/ endring av vald på gbnr. 418/9 og 6, Villanger i administrativt vedtak: sak nr: 662/21 grunna manglande dokumentasjon på utmelding av eksisterande vald.

Administrasjonen har i mail 24.03.21 etterspurd kopi av utmelding frå noverande vald innan frist som var 01.04.2021 frå Arvid Villanger, men har ikkje mottatt slik dokumentasjon. Vilkåret for behandling av søknad for godkjenning av nytt vald er dermed ikkje til stades og søknaden vert avslått.

Ifølge kommunen sitt arkiv består Radøy Nord Hjortevald av gbnr. 418-419-420-421 og 422. Dokumentasjon på å eigendommen inngår i hjortevaldet er lagt ved med tidlegare eigars underskrift.

Det vert vist til mail frå Arvid Villanger til administrasjonen datert 22.03.2021 kor Arvid Villanger uttrykker ynskje om å gå ut av valdet på Villanger og opprette nytt vald eventuelt saman med nokon av naboane.

Det supplerast i søknad frå Arvid Villanger datert 27.03.2021 med, at hjortevaldet som har vore i området, har gått i oppløysing grunna samarbeidsvanskar og det såleis ikkje finnast noko hjortevald på Villanger. Dette er ikkje korrekt.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Administrasjonen viser til den, frå Arvid Villangers side, etterspurde kommunale førehandsvurdering av gbnr. 418/ 6 og 9 som sjølvstendig hjortevald datert 24.03.2021 der kommunen vurderte at gbnr. 418/6 og 9 ikkje oppfyller Forskrift om forvaltning av hjortevilts § 9 med omsyn til:

- Valdet skal være samanhengande og ha en avgrensing som gjør det egnet til jakt på elg, hjort og/ eller rådyr.
- Valdet må omfatte et teljande areal som minst tilsvare minstearealet for vedkommande viltart.

Alver kommunes fastheld sitt avslag på søknad om godkjenning av vald på gbnr. 418/6 og 9, Villanger.

Alver kommune ber Arvid Villanger om sjølvstendig å sende brev datert 11.06.2021 omkring utmelding/ lukking av jakt/ ikkje ynskje om medlemskap av hjortevaldet vidare til vald ansvarleg Trond Sylta, tlf. 41520947.

Arvid Villanger er velkommen til på ny å sende søknad om godkjenning av vald/ endring av vald – gbnr. 418/ 6 og 9, Villanger frå jaktslutt og innan 1. mai 2022. Kommunen vil då på nytt vurdere søknad, spesielt i forhold til §9 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, som kommunen gjorde det i kommunens førehandsvurdering.

Med helsing

Alver kommune Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dokumentasjon Radøy nord hjortevald

Mottakarar:

Arvid Villanger

Rosnesvegen 5937
414

BØVÅGEN